



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: Teams
Dato: 15.02.2023
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Det er lagt opp til eit effektivt styremøte på 2 timer, med stutte pauser etter behov.
Vel møtt !

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2023	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/2023	Referatsaker		
	Regulering av ferdsel og andre aktiviteter i eksisterende verneområder		2022/12173
	Melding om vedtak - Lom - kommuneplan - arealdelen		2021/8919
	Kvittering for levert rapport - tiltaksmidler Reinheimen 2022		2021/11909
	Melding om vedtak - Lesja - plan for friluftslivets ferdselsårer - ferdselsåreplan		2022/6942
ST 3/2023	Delegerte saker		
DS 1/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2023 - snødekt mark - oppsetting og tilsyn av jervebås - Lauvlia og Sterringen - Arild Fallingen - Arild Svare		2022/11279
DS 2/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2023-2025 - Trollveggen Triathlon - Stabbeskaret - Norsk Fjellfestival		2023/264
DS 3/2023	Delegert sak - Romsdalen lvo - dispensasjon - byggesak - redskapshus - 2022 - gnr. bnr. 71/4 - Christer Dypaune Lindseth		2022/12286
DS 4/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2027 - snødekt mark - Brøste - Kabben - Truls Bettum		2022/11849
DS 5/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2025 - transport til hytte ved Ryggjthøtjønn og Vålåvatnet - Geir Kornkveen		2022/1553
DS 6/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - båt ved Dørtjønne - Egil Fallingen		2022/11592
DS 7/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - drift og vedlikehold av mobilmast på Skarfjellenden - Telia Tower - Q1 og Q2 - Telia Norge AS		2022/10422
DS 8/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - hytte ved Fellingsvatnet - Erling Kornkveen		2022/11624
DS 9/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport av båt til Dørtjønne		2022/9934

DS 10/2023	Delegert vedtak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023-2027 - snødekt mark - beitebuer på Kveinnåtjønn og i Jøingsdalen - Petter Gjerdet	2022/4894
DS 11/2023	Delegert sak - Reinheimen NP- Romsdalen lvo - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2028 - tilsyn og vedlikehold ved damanlegg - Brøstdalen - Vermevatnet - Rauma Energi Produksjon AS	2022/9967
DS 12/2023	Delegert sak - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - Sletta - Vermedalsetrene - Frank Ove Sæther	2023/372
ST 4/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - riving av utedo og oppsetting av nytt utedo - transport av utstyr - Leirungsvatnet fra Aursjoen / Lykreliia - Magne Frisvold	2022/9971
ST 5/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppføring av skilt til Brennhø - Bjorli og Rånå grendeutvalg	2022/10618
ST 6/2023	Reinheimen NP - Dispensasjon - 2023 - montering av nye solcellepanel på Torsbu	2023/785
ST 7/2023	Uttale til besøksstrategi for Rauma kommune	2023/1641
ST 8/2023	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2022	2023/990
ST 9/2023	Forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat - oppstart og prosjektplan	2022/10197
ST 10/2023	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak - driftsmidler nasjonalparkstyret - 2023	2022/11431
ST 11/2023	Orienteringar	

ST 1/2023 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 2/2023 Referatsaker

Regulering av ferdsel og andre aktiviteter i eksisterende verneområder

Melding om vedtak - Lom - kommuneplan - arealdelen

Kvittering for levert rapport - tiltaksmidler Reinheimen 2022

Melding om vedtak - Lesja - plan for friluftslivets ferdselsårer - ferdselsåreplan

ST 3/2023 Delegerte saker

DS 1/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2023 - snødekt mark - oppsetting og tilsyn av jervebås - Lauvliå og Sterringen - Arild Fallingen - Arild Svare 2022/11279

DS 2/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2023-2025 - Trollveggen Thriathlon - Stabbeskaret - Norsk Fjellfestival 2023/264

DS 3/2023 Delegert sak - Romsdalen Ivo - dispensasjon - byggesak - redskapshus - 2022 - gnr. bnr. 71/4 - Christer Dypaune Lindseth 2022/12286

DS 4/2023 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2027 - snødekt mark - Brøste - Kabben - Truls Bettum 2022/11849

DS 5/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2025 - transport til hytte ved Ryggjthøtjønn og Vålåvatnet - Geir Kornkveen 2022/1553

DS 6/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - båt ved Dørtjønn - Egil Fallingen 2022/11592

DS 7/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - drift og vedlikehold av mobilmast på Skarfjellenden - Telia Tower - Q1 og Q2 - Telia Norge AS 2022/10422

DS 8/2023 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - hytte ved Fellingsvatnet - Erling Kornkveen 2022/11624

DS 9/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport av båt til Dørtjønn 2022/9934

DS 10/2023 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023-2027 - snødekt mark - beitebuer på Kveinnåtjønn og i Jøingsdalen - Petter Gjerdet 2022/4894

DS 11/2023 Delegert sak - Reinheimen NP- Romsdalen Ivo - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2028 - tilsyn og vedlikehold ved damanlegg - Brøstdalen - Vermevatnet - Rauma Energi Produksjon AS 2022/9967

DS 12/2023 Delegert sak - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - Sletta - Vermedalsetrene - Frank Ove Sæther 2023/372



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	4/2023	15.02.2023

Reinheimen NP - dispensasjon - riving av utedo og oppsetting av nytt utedo - transport av utstyr - Leirungsvatnet fra Aursjoen / Lykreliia - Magne Frisvold

Innstilling frå forvaltar

Utedo

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Magne Frisvold dispensasjon til å rive gammalt utedo og oppføre ny utedo ved Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjon til utedo er gjeve med følgjande vilkår:

- Ny utedo skal oppførast på same tomt som eksisterande utedo står på i dag.
- Fundamentet på utedoen skal være ein enkel og lav tørmur med naturstein.
- Utvendig kledning skal vera av same type og farge som tilhøyrande hytte.
- Taket skal utformast som pulttak og vera av tre eller takshingel/papp.
- Etter oppføring skal utedoens utvendige høgde frå steinmur være maks 210 cm, lengde maks 120 cm og bredde maks 100 cm.
- Etter riving og bygging skal bygningsmateriale som er til overs, ryddast bort frå verneområdet og takast hand om på forsvarleg vis.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, er sett til **01.10.2023**.

Vi gjer merksam på at tiltaket og må avklarast med Skjåk kommune.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Motorferdsel

Med heimel i § 3. punkt 6.3 bokstav b, får Magne Frisvold dispensasjon til motorferdsel på snødekt mark for å køyre ut nytt utedo og ta med den gamle utedoen på retur.

Dispensasjon til motorferdsel er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for 1 tur/retur innan 20. april evt. 3. påskedag om den er seinare.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjent av Skjåk kommune til transporten.
- Løyvet gjeld for køyretrase frå Aursjoen til Leirungsvatnet.
- Snøskuter skal nytte same trase og fylgje same køyrespor på opptur og nedtur.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/Per Olav Haugen (tlf: 970 57 213), skal varslast på SMS dagen før køyring. Viss SNO opplyser om rein i traseen, skal turen utsettast. Om de ikkje har fått denne åtvaringa og det likevel er rein i planlagt køyrerute, må ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i ein avstand på minimum 500 m på le side.
- Vedlagt køyrebok skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten.
- Utfylt køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 31.12.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Ved bruk av leigekøyrar treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekøyrarløyve gjeve av kommunane. Det er søker sitt ansvar å avklare tiltaket med evt. andre myndigheiter og grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad på e-post 11.10.2022

Tilleggsopplysningar på e-post: 03.01.2023 og 08.02.2023.

Saksopplysningar

Nasjonalparkforvalter fekk inn ein motorferdselsøknad 11.10.2022. Der vart det søkt om 1 tur i året for transport av propan, ved og proviant. Det var og søkt om transport av nytt utedo. Forvalter fann ingen søknad på ny utedo og tok difor kontakt med søker. I etterkant har det kommet inn søknad, med mål og tekening av nytt utedo ved Leirungsvatnet.

Ved søknad om årelg motorferdsel vil dette bli behandla i ein egen delegert sak.

Søknaden

Viser til tidligere innsendte søknad og telefonsamtale i dag vedrørende snøscootertransport av utedo til Leirungsvatnet, Skjåk, tilhørende Ramstadstrondnaustet v/ Magne Frisvold.


Utedoen det søkes om transport for har følgende mål: L=120 cm, B=100 cm H=200 cm.

Jeg har ikke noen tegning av utedoen. Den utedoen det søkes om skal erstatte eksisterende utedo med samme mål. Plasseringen vil være på samme sted som dagens.

Jeg har heller ingen bilder av utedoen enkelt tilgjengelig, men jeg har markert med sirkel i kartet/ bildene under så Dere kan se plassering.

Eksisterende utedo ble bygget av restmaterialer i ca 1995 og er moden for utskifting. Den gamle utedoen vil bli tatt med i retur og fjernet.

Håper søknaden er i orden til tross for at jeg ikke har bilder og tegning av den nye utedoen da denne allerede ble fraktet til Aursjoen før vinteren kom.





Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å: - ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde - ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald - ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord

- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi - ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar - ta vare på vassdragsnaturen i området - verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.» Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Motorferdsel

All motorisert ferdsel i verneområdet er forbode, jf. verneforskrift § 3, pkt. 5.1.

Forvaltningsmyndet kan etter §3, pkt 6.3 i Reinheimen NP gje løyve til: b) bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte trasear eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.

Forvaltningsstyresmakta kan jf. verneforskrift § 3, pkt. 5.3 i Ottadalen lvo gje løyve til: b) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte trasear eller ved lufttransport.

Forvaltningsplan

Utedo

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningslinjer, pkt. 4.3.2, frå s. 38:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c. Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i • Materialval • Byggjeteknikk • Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Motorferdsel

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode og særleg konfliktylt fordi nasjonal landskapsvernområde skal være skjerna for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteføremål.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling

Vurdering


Det er søkt om å oppføre ny utedo i same storleik som det gamle utedoet ved hytte ved Leirungsvatnet. Tiltak som gjeld riving av eksisterande bygg, for nyoppføring, er rekna som oppføring av nybygg, og tillatast ikkje, jf. verneforskrift for Reinheimen, § 3, pkt. 1.1. Riving på grunn av dårlege materialar og slitasje som følgje av vær og vind, kan heller ikkje reknast som gjenoppføring på grunn av tap etter brann eller naturskade, jf. § 3, pkt. 1.3 a. Saka må difor behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Bygginga som er omsøkt gjeld å erstatte eit gammalt utedo som vart bygd med restematerialar i 1995, og som er moden for utskifting. Det er difor ikkje snakk om endra bruk, størrelse og form. Det er aksept for å rive den gamle utedoen for å byte ut med ein lik utedo som dekker den nødvendige toalettfunksjonen på hytta.

I samband med denne søknaden søkes det også om motorferdsel i samband med uttransport av utedoen.

Leveområdet til villrein, med vekt på vinterbeite, kalvingsområde og villreintrekk gjer at retningslinjene i forvaltningsplanen er strenge ved vurdering av presedens i samband med bygging av t.d. uthus/utedo i Reinheimen nasjonalpark. I kartet under er trekkområdet vist

ved blå felt, og kalvingsområde som rosa felt. Leirungsvatnet ligg utanfor desse områda. Området er fyrst og fremst ein del av beiteområdet for villrein.



Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget). Reinheimen-Breheimen Villreinutval sørger for god overvaking gjennom året. Den mest sårbare tida på året for villrein er vinter og vår. Bygget ligg ikkje i eit viktig vinterbeite, villreintrekk eller kalvingsområde for villrein. Økosystemtilnærming og samla påverknad er difor liten, jf. naturmangfaldlova § 10.

Det vil i tillegg være behov for motorisert transport av byggematerialar. I Forvaltningsplan for Reinheimen er forholdet til å gi dispensasjon ikkje diskutert spesielt, men det blir understreka at motorferdsel kan vera særleg konfliktylt fordi nasjonalparken og landskapsvernområda skal vera skjerma for unødig støy og uro, og at motorferdsel skal ha eit klart nytteføremål.

Søklar har eit nødvendig og akseptert behov for transport som det kan gjevast dispensasjon til. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at dette vil verke nemneverdig inn på verneverdiane. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder §11, er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle. Utedo til buer som vert nytta til overnatting kan hindre forsøpling av dopapir.

Ut i frå ei total vurdering og med dei vilkåra som er satt, vil tiltaket ikkje stride mot verneføremålet for nasjonalparken.



Arkivsaksnummer: 2022/10618-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 08.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	5/2023	15.02.2023

Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppføring av skilt til Brennhø - Bjorli og Rånå grendeutvalg

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen Nasjonalpark § 3, punkt 1.3, bosktav f) får Bjorli og Rånå grendeutval dispensasjon til å sette opp eit skilt ved Tverrbekken og på toppen av Brennhø.

Skilta skal lede turgåere opp til Brennhø og ikkje vidare inn i Nasjonalparken, for å unngå forstyrring av villrein.

Dispensasjonen er gjeve med følgende vilkår:

- Tiltaket er gjeve for tre år. I løpet av 2025 skal tiltaket evaluerast og vurderast på nytt om skilta skal fjernast ila vår/sommar 2026. Dette blir gjort i lag med forvaltar.
- Skilta skal være i tråd med håndbok 27, Naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv, 2001(DN2001) og Merkehåndboka, DNT mfl 2002 (DNT 2002).
- Forvaltninga kan krevje at skiltet blir fjerna før 2026, om tiltaket viser seg å føre til ulempe for verneverdiane.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vi gjer merksam på at tiltaket og må avklarast med grunneigar og Lesja kommune.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Lesja kommune på vegne av Bjorli og Rånå grendeutval. 25.10.2022
- Uttale og vedtak frå villreinnemda 21.11.2022.


Saksopplysningar

Søknaden

På vegne av Bjorli og Rånå grendeutvalg søkar ein om tillating til merking og oppføring av skilt til Brennhø i Reinheimen nasjonalpark og Lesjaskog heimrast sinn grunn. Ein ynskjer å avgrense ferdselen inn i Asbjørnsdalen ved ein skiltar opp til Brennhø. Det er behov for skilting ved Tverrbekken og på toppen av Brennhø. Lesja kommune er positive til å få kanalisert ferdsel til å halde seg i randsona eller utanfor verneområdet, og ikkje vidare innover i verneområdet.

Med helsing

Sigurd Vie Alme plan- og miljørådgjevar Lesja kommune



Uttale frå villreinnemnda 21.11.2022:

Kartgrunnlag for funksjonsområde i Reinheimen-Breheimen ble oppdatert i samband med kvalitetsnormarbeidet. Området ligg i kanten av eit større kalvings- og oppvekstområde (Lordalen/Søre Løftet). Det er uheldig med ferdsel i dette området i kalvingsperioden. Elles i året er det primært ynskjeleg å kanalisere ferdsel utanom evt. sekundært til randsona av villreinområde. Planlegging av dagsturhytte og løyper til Rånåkollen bidreg til å kanalisere ferdsel vekk frå Asbjørnsdalen. Det er noko meir usikkert om skilting til Brennhø vil ha same effekt, men truleg vil fleire velje denne turen i staden for å dra innover Asbjørnsdalen med Brennhø som markedsført turmål. Det er sannsynleg at det blir meir folk i området rundt Bjorli framover med dei utbyggingsplanene som ligg føre der. Det blir derfor viktig med tilrettelegging av gode turløyper utanom villreinområdet for å kanalisere trafikken. Villreinnemnda er betinga positiv til denne skiltinga. Kan hende det er aktuelt med ei prøvetid på tre til fem år for å sjekke om tilrettelegginga fungerer slik

den skal? Erfaring frå andre plassar tyder på at folk flest går til turmålet og ned att. Omtilrettelegginga derimot fører til auka trafikk vidare innover i området bør skiltinga bli fjerna att. Dette er det vanskeleg å klare å kartlegge så ein må truleg basere seg på den erfaringa ein har frå andre plassar.


Innstilling: Det blir gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein, men om ein klarer å redusere ferdsla vidare innover Asbjørnsdalen gjennom denne skiltinga, vil det totalt sett vera positivt for villrein.

Handsaming: Etter ei drøfting om ulike alternativ, landa nemnda på ei nytt forslag til vedtak:

Det blir ikkje gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein Det er frykt for at skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken kan føre til auka ferdsel innover Asbjørnsdalen. Merka stig opp til Rånåkollen er eit bra alternativ i dette området, ferdsla bør derfor kanaliseras dit.

Det vart stemt over dei to forslaga. Det omforente forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak: Det blir ikkje gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein Det er frykt for at skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken kan føre til auka ferdsel innover Asbjørnsdalen. Merka stig opp til Rånåkollen er eit bra alternativ i dette området, ferdsla bør derfor kanaliseras dit.



Kartet viser kalvings- og oppvekstområder og viktige vårbeiter for bukk i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Frå: Kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, Reinheimen-Breheimen

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Heimelsgrunnlag

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde*
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord*
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi*
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar*
- ta vare på vassdragsnaturen i området*
- verne om kulturminne.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

§ 3. Vernereglar

1.3

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- f) Oppsetting av skilt og merking av stiar i medhald av forvaltningsplanen.*

Forvaltningsplan

Ein ønskjer i utgangspunktet ikkje omfattande tilrettelegging for friluftslivet i nasjonalparken. Tilrettelegging bør samlast i randsonar og i område der det er eksisterande tilretteleggingstiltak. Med direkte heimel i verneforskrifta og i medhald av forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf temakart nr 2)

Forvaltningsstyresmakta kan vidare etter søknad gje løyve til merking av stigar og oppsetting av skilt i medhald av forvaltningsplanen (jf. kart nr. 2). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bygging av bruer og klopper. Reinheimen nasjonalpark 42 Det kan vere behov for tiltak for å kanalisere og trygge ferdsla eller hindre uheldig terrengslitasje. Ved vurdering av aktuelle tilretteleggingstiltak skal ein ta omsyn til forholda for landskap, naturmiljø og dyreliv slik at Fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemmande for omgjevnadene Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødig slitasje på terrenget Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan kome i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeområde for fugl og leveområde for villrein All tilrettelegging for friluftsliv i fjellet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2001 (DN2001) og Merkehandboka, DNT mfl 2002 (DNT 2002) Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til

landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men dette kan ein avvike frå av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Vurdering


Med utbygging av hyttenettverket på Bjorli dei siste åra, er det viktig med ein besøksforvaltning som styrer ferdselen til tilrettelagte område som tåler besøk. Fjellområda rundt Bjorli er viktige villreinområder og bør ikkje få auka besøk av omsyn til villrein.

Det skal svært lite til før villreinen blir forstyrra, slik at det går ut over kondisjon og reproduksjon. Seinvinter og vår er spesielt sårbare periodar for villrein, og dyra treng ro før kalving. Etter ein lang vinter på sparebluss har villreinen lite ressursar å nytte til flukt om dei blir forstyrra. Dette gjeld dyr av begge kjønn, men drektige simler er spesielt sårbare. Asbjørnsdalen er ein del av kalvingsområde og trekkområde til villrein, og det er viktig å kanalisere ferdselen vekk frå dalen.

Skilta det søkjers om er eit tiltak for å styre ferdselen unna Asbjørnsdalen. Frå Rånå er det skilta rute til Brennhø med start på turen opp Asbjørnsdalen. Det beste hadde nok vært om det ikkje hadde vært merka turstig innover mot Asbjørnsdalen i det heile tatt. Også Brennhø ligg i kalvingsområde for villrein. Men så lenge det allereie er marknadsført ein tursti innover, vurderer at vi det er postivt med eit skilt som leier turgåere til Brennhø og ikkje innover dalen.

Søknaden må og vurderes etter naturmangfoldlovens miljøreitlige prinsipp nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver, samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfoldlova § 8, er godt dokumentert gjennom verneplan for Reinheimen med kartleggingar og konsekvensutgreiing. Det vart gjort ei ny vurdering av leveområda og fokusområda til villrein i Reinheimen ila 2021 og 2022 i samband med kvalitetsnormarbeidet for villrein. Asbjørnsdalen vart framleis klassifisert som eit viktig fokusområde i kavalitetsnormen.



Raud område er satt som fokusområde for villrein i delnorm 3 (kart frå villrein.no).

Fram til 1990 ble Asbjørnsdalen mye bruk av villrein, men de siste 30 årene har det vært sterkt redusert bruk. Denne bruken har imidlertid tatt seg opp igjen de siste 2-3 årene i barmarksperioden. Arbeidsgruppa mener at dette kan ha en sammenheng med at dalen inneholder et frodig og variert beite sammenlignet med tørrere områder i øst. Sommeren 2021 er et eksempel på dette, og det ble da observert mye dyr i dalen. Vest i

villreinområdet er det tilgang til friske og frodige beiter. Det er viktig at disse beitearealene opprettholdes for villreinen (Villrein.no).

Arbeidsgruppa for Delnorm 3 i kvalitetsnorm for villrein, frykter for endret/ redusert arealbruk dersom menneskelig aktivitet i området økes. Dette gjelder spesielt i forbindelse med skitraseer og hytteutbygging i områdene rundt Bjorli (villrein.no).

Asbjørnsdalen er et sentralt trekkområde, som er viktig for at villreinen skal få utnyttet beitearealer i større deler av Reinheimen. Det er flere fangstgroper og andre fangstminner i området som dokumenterer at området også historisk har hatt en slik funksjon. Villreinen har brukt store deler av dalen til trekk, men de siste 30 årene er denne bruken redusert. [...]. Det er svært viktig at passasjen opprettholdes fremover (villrein.no).

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning i verneområdet. Slik situasjonen er i dag, der turgåere har fått informasjon om turen til Brennhø, er det viktig å veilede turgåere på rett sti, slik at dei ikkje går vidare inn mot Asbjørnsdalen. Om ein klarer å redusere ferdsla vidare innover Asbjørnsdalen gjennom denne skiltinga, vil det totalt sett vera positivt for villrein.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er gitt vilkår om at skilta skal være i tråd med håndbok 27, Naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv, 2001(DN2001) og Merkehåndboka, DNT mfl 2002 (DNT 2002). Driftsmetoder §11, er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle.

For å unngå at turgåere går vidare inn i Asbjørnsdalen ser vi det som positivt at det kjem opp eit skilt ved stikrysset der stien inn til Asbjørnsdalen deler seg med stien opp til Brennhø. Skiltet på toppen av Brennhø skal vise at turen og toppen er endelig. Som Villreinemda skriv i si uttale, er vi samde i at det er uheldig med ferdsel inn Asbjørnsdalen, då dette er eit viktig kalvingsområde og trekkområde for villrein. Men denne søknaden gjeld ikkje skilting frå parkeringsplassen og inn.


Da Brennhø i dag allereie blir marknadsført som ein tursti, er det eit bra kanaliseringstiltak å rettleie turgåera mot Brennhø, i staden for inn dalen. Vi vurderer difor at tiltaket vil være positivt av omsyn til villrein i området. Vi er bekymra for at skilting av rundløype opp til Brennhø kan føre til auka ferdsel innover Asbjørnsdalen og har satt som vilkår at tiltaket skal evaluerast etter 3 år, for igjen å vurdere skiltinga. Merka stig opp til Rånåkollen er eit bra alternativ i dette området og ferdsla bør difor marknadsførast og kanalisert dit.

23. Søknad om oppføring av skilt i Reinheimen nasjonalpark og Lesjaskog heimrast til Brennhø – høyring til villreinnemnda.

Lesja kommune har sendt fylgjande sak på høyring til villreinnemnda:

På vegne av Bjorli og Rånå grendeutvalg søkar ein om tillating til merking og oppføring av skilt til Brennhø i Reinheimen nasjonalpark og Lesjaskog heimrast sinn grunn. Ein ynskjer å avgrense ferdselen inn i Asbjørnsdalen ved ein skiltar opp til Brennhø. Det er behov for skilting ved Tverrbekken og på toppen av Brennhø. Lesja kommune er positive til å få kanalisert ferdsel til å halde seg i randsona eller utanfor verneområdet, og ikkje vidare innover i verneområdet.

*Med helsing
Sigurd Vie Alme
plan- og miljørådgjevar*




Kartgrunnlag for funksjonsområde i Reinheimen-Breheimen ble oppdatert i samband med kvalitetsnormarbeidet. Området ligg i kanten av eit større kalvings- og oppvekstområde (Lordalen/Søre Løftet). Det er uheldig med ferdsel i dette området i kalvingsperioden. Elles i året er det primært ynskjeleg å kanalisere ferdsel utanom evt. sekundært til randsona av villreinområde. Planlegging av dagsturhytte og løyper til Rånåkollen bidreg til å kanalisere ferdsel vekk frå Asbjørnsdalen. Det er noko meir usikkert om skilting til Brennhø vil ha same effekt, men truleg vil fleire velje denne turen i staden for å dra innover Asbjørnsdalen med Brennhø som markedsført turmål. Det er sannsynleg at det blir meir folk i området rundt Bjorli framover med dei utbyggingsplanene som ligg føre der. Det blir derfor viktig med tilrettelegging av gode turløyper utanom villreinområdet for å kanalisere trafikken. Villreinnemnda er betinga positiv til denne skiltinga. Kan hende det er aktuelt med ei prøvetid på tre til fem år for å sjekke om tilrettelegginga fungerer slik den skal? Erfaring frå andre plassar tyder på at folk flest går til turmålet og ned att. Om


Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

tilrettelegginga derimot fører til auka trafikk vidare innover i området bør skiltinga bli fjerna att. Dette er det vanskeleg å klare å kartlegge så ein må truleg basere seg på den erfaringa ein har frå andre plassar.



Kartet syner at Brennhø ligg inne i kalvings- og oppvekstområde.



Kart over same område, men med fleire detaljar.

Innstilling: Det blir gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein, men om ein klarer å redusere ferdsla vidare innover Asbjørnsdalen gjennom denne skiltinga, vil det totalt sett vera positivt for villrein.

Handsaming: Etter ei drøfting om ulike alternativ, landa nemnda på ei nytt forslag til vedtak:
Det blir ikkje gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein Det er frykt for at skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken kan føre til auka ferdsel innover Asbjørnsdalen. Merka stig opp til Rånåkollen er eit bra alternativ i dette området, ferdsla bør derfor kanaliseras dit.

Det vart stemt over dei to forslaga. Det omforente forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak: Det blir ikkje gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein Det er frykt for at skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken kan føre til auka ferdsel innover Asbjørnsdalen. Merka stig opp til Rånåkollen er eit bra alternativ i dette området, ferdsla bør derfor kanaliseras dit.



Arkivsaksnummer: 2023/785-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 01.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	6/2023	15.02.2023

Reinheimen NP - Dispensasjon - 2023 - montering av nye solcellepanel på Torsbu

Innstilling frå forvaltar

Med heimel naturmangfaldlova § 48 får DNT Oslo og Omegn dispensasjon til å montere solcellepanel på sjølvbetjeningshytta Torsbu i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Solcellepanela skal ha matt utforming som ikkje gir gjenskin
- Kwart panel skal ha mål på inntil 1 x 2 meter.
- Panela skal kunne monterast på taka, 2 panel på hovudhytte og eitt på sikringsbua.

For å dekke transportbehovet, vil det kunne gjennomførast innafor gjeldande dispensasjon til motorferdsel som DNT Oslo og Omegn har for tilsynsoppdrag til Torsbu, (jf. delegert vedtak 04.02.2020, saksnr. 2020/99). Turar med snøscoatarar for transport av nytt solcelleanlegg på Torsbu skal gå fram av den årlege køyrerapporten som skal sendast på e-post til sfinpost@statsforvaltaren.no, etter vintersesongen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå DNT Oslo og Omegn v/Jon-Leo Kjellstadli Svendsen, 16.01.23

Saksopplysningar

I søknaden frå DNT står følgjande:

I forbindelse med installasjon av solcelleanlegg på Torsbu selvbetjeningshytte har vi behov for å transportere materiell og utstyr inn på skuter. Arbeidene skal utføres av hyttetilsyn Marius Åboen samt Rolf Rakstad som er elektriker (og tilsyn på Trulsbu). Montering er planlagt utført i forbindelse med øvrig tilsynsarbeid, men ettersom det er en del ekstra materiell og utstyr som skal med er det behov for ekstra transport. Det hadde derfor vært svært praktisk å kunne kjøre én ekstra skuter inn slik at vi får alt inn på én tur.

Vi søker derfor om tillatelse til kjøring med én ekstra skuter i forbindelse med montering av solcelleanlegg og annet tilsynsarbeid. Det kjøres etter den vanlige traseen mellom Billingen og Torsbu.



Forvaltar tok kontakt med DNT-OO på telefon for å få meir informasjon om tiltaket. DNT-OO kunne informere om at dei ønskjer å installere nytt solcelleanlegg på Torsbu fyrst og fremst av omsyn til branntryggleik. Solcelleanlegget vil erstatte bruk av stearinlys, og vil gje straum for lys og til lading. Solcelleanlegget på Torsbu skal være som på Trulsbu i Breheimen, som ble montert og installert i 2021, som på foto.



Foto: Nye solcellepanel på Trulsbu i Breheimen 2021

På Torsbu er det 2 bygningar, ei fungerer som hovudhytte og ei som sikringsbu. Det skal etter plan monterast 2 solcellepanel på hovudhytta, og 1 solcellepanel på sikringsbua. Panela skal monterast på taket, og har måla 1 x 2 meter.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep av alle slag, jf. Verneforskrift § 3 pkt. 1.1, herunder anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar,.... Opplistinga i pkt. 1.1 er ikkje uttømmene

Oppføring av solcelleanlegg er forbode etter denne bestemmelsen. Det må derfor gjevast dispensasjon for at oppføring av solcelleanlegget skal være lovleg.

Fasadeendring som t.d. solcelleplater på bygningar er ikkje spesifisert i verneforskriftene og må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot

vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekkar forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen frå 2010 gir ikkje føringar for solcelleanlegg, men i følge forvaltningsplan skal all bygging være i trå med lokal byggeskikk, jf. side 38:

«Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval, Byggjeteknikk, Utforming og farge

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet. Det er fyrste alternativ i naturmangfaldlova § 48 første ledd som vil kunne bli anvendelse i dette tilfelle.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Torsbu er ei sjølvbetjent hytte ved Torsvatnet i Reinheimen nasjonalpark, med ei hovudhytte og ei sikringsbu. Hyttene er i bra stand, og talet på overnatting har halde seg stabilt med mellom 100 - 200 årlege overnattingar, hovudsakleg på sommaren.



Foto: Torsbu, 2021

Forvaltningsplan for Reinheimen manglar retningsliner for montering av solcellepanel på bygningar, men ved vedlikehald og restaureringstiltak skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i materialval, byggjetechnik, utforming og farge. Tiltaka skal helle ikkje danne ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

Forvaltningsmyndigheten kan midlertidig etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette betyr at det kan gjevast dispensasjon dersom det omsøkte solcellepanelet ikkje er i strid med verneformålet eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er fyrst og fremst knytt til naturverdiar, for å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, der leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord er sentralt. Vernet omfattar også kulturminner. Almenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Sjølvsøker har sendt foto frå sjølvbetjeningshytta Trulsbu i Breheimen, for å vise korleis solcellepanela montert på taket vil kunne sjå ut. Solcelleplatene på Trulsbu er matte og harmonerer godt med det mørkbeisa tretaket, og det ser heller ikkje ut til å gje gjenskin eller verke skjemmande i landskapet.

Ei eller anna form for lyskjelde er nødvendig på ei turisthytte med såpass omfattande bruk som er ope for det allmenne friluftslivet. Installasjon av solcelleanlegg for lys og med moglegheit for å lade mobiltelefon vil vera til stor fordel, ikkje minst av omsyn til branntryggleik, da det vil erstatta bruk av parafinlamper og stearinlys.

Sjølvsøker om solcellepanel i utgangspunktet er eit framandelement, vil montering på eksisterande bygningsmasse på Torsbu, ikkje verke så skjemmande på landskapet at det strider mot verneformålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Vilråda for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ er såleis oppfylt.

Solcellepanela det er søkt om er svarte med ei matt overflate, og vil harmonere godt med eksisterande takmateriale på Torsbu, som er svart singel.

Enkelttiltaket det er søkt om er knytt til ei eksisterande turisthytte for allment bruk, og samla omfang av liknande søknader vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad. I samband med det igangsette arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen, vil ein kunne innarbeide retningsliner for montering av solcellepanel på bygg innafor verneområda i Reinheimen, som vil klargjera regelverket.

Tiltaket vil gje auka tryggleik, og vil ikkje føre til endra/auka bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål. Belastninga for verneverdiane synest å vera akseptabel.

Det er også dokumentert behov for motorisert transport med snøscooter for å køyre inn solcelleanlegg og utstyr samt elektriskar for å montere anlegget. DNT Oslo og Omegn har dispensasjon til 10 turar med snøscooter kvart år, som kan brukast til dette formålet. Dersom det er nødvendig med 2 snøscooterar varslast SNO på førehand, og tal turar vil gå fram av køyrerapport som skal sendast nasjonalparkforvaltar etter vintersesongen.



Arkivsaksnummer: 2023/1641-1

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 08.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	7/2023	15.02.2023

Uttale til besøksstrategi for Rauma kommune

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen synes det er positivt at besøksstrategien for Reinheimen er lagt til grunn for besøksstrategien for Rauma kommune. Det er viktig at samarbeidet på tvers av forvaltingsgrenser og mellom reiseliv og forvaltning blir vidareført gjennom tiltaksplana som er foreslått i denne strategien.

Nasjonalparkstyret har vidare nokre merknader til teksta i strategien:

Side 6:

Tabell

Endre navn til: Mari Melbø Rødstøl og organisasjonsgruppe til: Nasjonalparkforvalter i Reinheimen NP – Reinheimen Nasjonalparksstyre.

Side 22.

Innfallsporter Nasjonalpark

Endres til:

I 2021 ble det laget en mulighetsstudie for innfallsporter for Reinheimen Nasjonalpark. I løpet av dette arbeidet ble det landet på tre innfallsporter som Nasjonalparkstyret for Reinheimen skulle jobbe vidare med. Dette var Tindesenteret, Trollveggen og Kløvstien.

Besøksstrategien for Dovrefjell peker også på Norsk Tindesenter som hovedinnfallsport i tillegg til Vengedalen/Romsdalseggen. Fra 2023 vil Norsk Tindesenter ha status som besøkssenter nasjonalpark.

Side 43

Tiltaksplan

Under punktet *Utbedre skilting/informasjon på de nye stiene på Nesaksla inkl. nasjonalparkinformasjon*.

Ynskjer å fjerne Nasjonalparkforvaltninga under kolonne gjennomføring, då vi har ei prioriteringsliste for gjennomføring av skilttiltak og Nesaksla er ikkje med i denne lista. Under punktet *Rullere tiltaksplan besøksstrategi*, kan også nasjonalparkforvaltninga stå under gjennomføring, da forvaltninga er med på fleire av tiltakspunkta.

Vi ynskjer å minne om at Nasjonalparkstyret er forvaltningsmynde og hovedansvarleg for informasjonstiltak i verneområdet. Kvart år søker Nasjonalparkstyret Miljødirektoratet om tiltaksmidler for verneområdet. Det er Nasjonalparkstyret som igjen fordeler tildelte tiltaksmidler og prioriterar ulike tiltak i verneområdet. Tildelingane er ulike frå år til år.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Besøksstrategi for Rauma kommune på høyring:

<https://www.rauma.kommune.no/horinger/besoksstrategi-til-horing-med-mulighet-for-innspill.12957.aspx?fbclid=IwAR0FNU-5ozGMnLzN7-x2WrCLbb1fS-GTEErSDnhLobAPyOXISWP1E-t0yGY>

Besøksstrategi for Reinheimen Nasjonalpark:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Besoksstrategi-for-Reinheimen.pdf

Saksopplysning

Rauma kommune vart sertifisert som bærekraftig reisemål i 2021. Handlingsplan for bærekraftig reisemål peikar på behovet for ein eigen besøksstrategi for Rauma kommune. Føremålet med å utarbeide ein besøksstrategi er å lage eit godt verktøy for framtidig besøksforvaltning i Rauma. Besøksstrategien skal vise kva for tiltak som er nødvendig for å ivareta dei ulike interessane på reisemålet best mogleg. Det er Nordveggen som har tatt på seg arbeidet med å gjennomføre besøksstrategiprosessen og har gjennom dette arbeidet også involvert nasjonalparkforvalter Mari Melbø Rødstøl i ressursgruppa.

Reinheimen Nasjonalparksstyre ynskjer å komme med ei uttale til besøksstrategien for Rauma kommune, som er sendt ut på høyring med frist for uttale 15. februar.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål

*«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å: - ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Vurdering

Rauma kommune har store areal som ligg innanfor forvaltningsområdet til Reinheimen nasjonalparkstyre. Det er difor av stor betydning kva for strategi kommunen har i si besøksforvaltning. Det er positivt at besøksstrategien for Reinheimen er lagt til grunn for besøksstrategien for Rauma kommune og at samarbeidet på tvers av forvaltingsgrenser og mellom reiseliv og forvaltning blir vidareført gjennom tiltaksplana.

Viser her til mål for naturverdier som er satt for besøksstrategien for Rauma:

2.4.2 Mål for naturverdiene Raumas naturverdier skal...

- *opprettholde andel villmarkspreget natur på dagens nivå (INON)*
- *bevares på en måte som gjør at nasjonalparker, verneområder og naturreservat i fremtiden vil fremstå som autentisk og intakt (Besøksstrategi Reinheimen)*
- *restaurere og videreutvikle naturområder som i dag er nedslitt som følge av stort besøkspress.*
- *forvaltes på en slik måte at natur- og kulturverdier langs stier og ferdselsårer ikke forringes som følge av menneskelig aktivitet og tilhørende fasiliteter.*
- *videreutvikles som nasjonalparkkommune, med Norsk Tindesenter som vertskap for nasjonalparksenter. (samfunnsplan Rauma kommune)*
- *ivaretas i all planlegging og sikre naturlandskap, biologisk mangfold, dyrka jord som verdier for hele befolkningen. (samfunnsplan Rauma kommune)*
- *bli tilrettelagt for gode opplevelser uten at det gir negative konsekvenser.*
- *tilrettelegges med tilstrekkelig fasiliteter som toalett og annen infrastruktur på de steder man har valgt å kanalisere ferdsel til.*
- *opprettholde sin status som nasjonalt verdifullt kulturlandskap.*

Desse måla viser at naturverdiane og verneområda er ivaretatt i strategien.



Arkivsaksnummer: 2023/990-1

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 08.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	8/2023	15.02.2023

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2022

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek årsrapportar for 2022 til orientering, og ber om at årsrapporten for Reinheimen blir publisert på Nasjonalparkstyret sine kommunikasjonsplattformer, og sendast til rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og andre offentlege og private aktørar knytt til Reinheimen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Vedlegg:

- 1 - Årsmelding 2022_Reinheimen
- 2 - Årsrapport 2022 til Reinheimen nasjonalparkstyre

Saksopplysningar

Sekretariatet har som tidlegare år utarbeidd årsrapport for 2022 i Reinheimen.

SNO-Reinheimen har også utarbeidd ein årsrapport for 2022, for sitt arbeid i verneområdet som er vedlagt saka til orientering.

Vurdering

Årsrapporten for 2022 byggjer på same mal som for tidlegare år, og vil vera tilgjengeleg på Nasjonalparkstyret sine nettsider, her:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/publikasjoner/arsrapportar>

Rapporten gir ei framstilling av Nasjonalparkstyret sitt arbeid i året som har gått, saksomfang, tiltak/prosjekt og økonomi som er knytt til forvaltninga av verneområdet. Rapporten omhandlar og litt om den generelle bruken av områda, naturfaglege forhold, og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.

Rapporten skal publisert på nasjonalparkstyret si nettside, og sendast til relevante aktørar/interessentar knytt til forvaltninga i Reinheimen, som t.d kommunane, fylkeskommune, statsforvaltar, medlemmar rådgjevande utval, administrativt fagutval.



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Årsrapport 2022



Frisbue ved Torsvatnet, 05.09.22



Boergeit på skjøtselsoppdrag i Finndalen lvo 13.06.22

Forord

Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen og Brettingsmoen naturreservat, vart oppretta i 2006. I 2020 fekk Nasjonalparkstyret overført forvaltningsmyndigheit for 4 ytterlegare naturreservat; Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie.

Nasjonalparkstyret for perioden 2019-2023 vart oppnemnd av miljødirektoratet i brev av 03.03.20. Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som utgjer sekretariatet for nasjonalparkstyret, og som står for den daglege drifta av verneområdet. Forvaltarane er tilsett av Statsforvaltaren i Innlandet, men er lokalisert på kvar sin side av verneområdet, med kontor plass på Norsk fjellsenter i Lom og på Norsk tindesenter i Åndalsnes.

Årsmeldinga gir ei framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid i 2022, saksmengda, aktuelle tiltak og prosjekt, om bruken av områda, og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.



Foto: Nasjonalparkforvaltarane på Torsflyene 06.09.22

Lom, 20.01.2022

Kristine Sørli og Mari Melbø Rødstøl
Nasjonalparkforvaltarar Reinheimen

Foto: Dersom det ikkje står fotograf, er bileta i rapporten teke av forvaltar.

Innhald

Forord	2
1. Verneområda – status	4
2. Aktørar i verneområda.....	4
Nasjonalparkstyret	4
Nasjonalparkforvaltarar	5
Naturopsynet	6
Andre sentrale myndigheiter	6
Bruken av verneområda.....	7
Sentrale dokument	8
3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2022	9
Møter og saker.....	9
Synfaringar	10
Økonomi	11
4. Aktivitet.....	15
Informasjonsarbeid	15
Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen	16
Tilrettelegging	17
Brukarundersøking i Reinheimen 2022	18
Kartlegging av flaumfare i elvane Finna og Rågå i Finndalen lvo.....	20
5. Vidare arbeid og prosjekt.....	21
Revisjon av forvaltningsplanen:	21
Villreinløypa – «Villreinarven».....	21

1. Verneområda – status

Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, og Brettingsmoen naturreservat vart oppretta i statsråd 24.11.2006. Verneforskriftene set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Reinheimen vart godkjend i 2010, og utarbeidd i to fasar med brei prosess i alle dei 6 kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal (Fjord). Forvaltningsplan trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og presiserer og utdjuar verneforskriftene. Forvaltningsplan tek og omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Miljødirektoratet har frå 01.03.2020 delegert forvaltningsmyndigheit til Nasjonalparkstyret for 4 naturreservat:

Forskrift 27. juni 2003 nr. 827 om vern av Muldalslia naturreservat i Fjord kommune

Forskrift 27. juni 2003 nr. 834 om vern av Slettsvaet naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 17. desember 1999 nr.1443 om vern av Vermedalen naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 25. januar 2013 nr. 104 om vern av Einstullie naturreservat i Skjåk kommune

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

2. Aktørar i verneområda

Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde vart overført frå kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal, til nasjonalparkstyret for Reinheimen, hausten 2012. Nasjonalparkstyret vart oppretta i 2013, der Miljøverndepartementet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda, og ein representant frå Reinheimen-Breheimen Villreinutval. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Miljødirektoratet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre for perioden 2020-2023 i brev 03.03.2020.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg i styremøte 18.mars 2020.

Styret for perioden 2020 -2023:

<i>Rolle</i>	<i>Ordinært medlem</i>	<i>Varamedlem</i>	<i>Representantar</i>
<i>leiar</i>	Per Magnus Berdal	Laila Olsen	<i>Fjord kommune</i>
<i>nestleiar</i>	Bjarne Eiolf Holø	Marit Sletten	<i>Lom kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Edel Kveen	Morten Kielland	<i>Skjåk kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Live Langøygard	Harald Svee Bjørndal	<i>Vågå kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Mariann Skotte	Per Inge Skotte	<i>Lesja kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Magnhild Vik	Torbjørn Bruaset	<i>Rauma kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Inger Line Flydal	Jo Trygve Lyngved	<i>Reinheimen-Breheimen villreinutval</i>
<i>styremedlem</i>	Torbjørn Rødstøl	Inger Johanne Tafjord	<i>Fylkestinget i Møre og Romsdal</i>
<i>styremedlem</i>	Hans Kristian Enge	Hanne Velure	<i>Fylkestinget i Innlandet</i>

Arbeidsutvalet (AU-Reinheimen) er oppretta med følgjande medlemmar:

Rolle	Ordinært medlem
leiar	Per Magnus Berdal
nestleiar	Bjarne Eiolf Holø
medlem	Mariann Skotte
varamedlem	1. vara Magnhild Vik 2. vara Edel Kveen

Personalansvar for sekretariatet, arkiv- og økonomifunksjon til nasjonalparkstyret for Reinheimen ligg hos Statsforvalteren i Innlandet.

Nasjonalparkforvaltarar

To nasjonalparkforvaltarar utgjør sekretariatet til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Nasjonalparkforvaltarane skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følgje forvaltningslova sine regler. Forvaltarane legg fram saker til behandling i styret, driv skjøtsel- og informasjonsarbeid, økonomioppfølging og held kontakt med brukarar av verneområda.

I vedtektene til Nasjonalparkstyret, kap. 6., står det følgjande om Nasjonalparkstyret sitt sekretariat: «*Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av ein eller fleire nasjonalparkforvaltar(ar) som vert tilsett av fylkesmannen i Innlandet og i dialog med styret. Fylkesmannen har personalansvaret for nasjonalparkforvaltaren(ane)*»

Kristine Sørli har vore tilsett som nasjonalparkforvaltar sidan 2014, med kontor på Norsk fjellsenter i Lom. Mari Melbø Rødstøl vart tilsett som ny forvaltar våren 2020, lokalisert på Norsk Tindesenter i Åndalsnes. Sjølv om nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Statsforvaltaren i Innlandet, er sekretariatet underlagt nasjonalparkstyret i forvaltninga av verneområda. Statsforvaltaren har det administrative ansvaret for nasjonalparkforvaltarane, men ingen instruksjonsrett når det gjeld sekretariatet sitt arbeid for nasjonalparkstyret. I samråd med nasjonalparkstyret, kan statsforvaltaren nytte nasjonalparkforvaltaren til andre arbeidsoppgåver om behov.

I utgangspunktet blir enkeltsaker i Reinheimen fordelt geografisk fylkesvis mellom forvaltarane. Når det gjeld planlegging og praktisk gjennomføring av styremøte samarbeider forvaltarane og fordeler oppgåvene seg imellom. Forvaltaren med lengst fartstid embetet, har hatt hovudansvar for økonomiske og administrative oppgåver knytt til drift og økonomioppfølging. Oppfølging av tiltak/prosjekt i verneområdet vil variere kvart år utifrå styret si prioritering og tildeling frå miljødirektoratet. Oppfølging av større prosjekt som krev kontakt og dialog med lokale aktørar, vert fordelt geografisk for å ha god kontakt med lokale aktørar. Forvaltarane må likevel sørge for ein god intern kommunikasjon for å involvere kvarandre i prosjekt som gjeld verneområdet, ikkje minst for å supplere og kunne avlaste kvarandre om behov ved fråvær/sjukdom.

Naturoppsynet

Statens naturoppsyn (SNO) er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. SNO skal ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. SNO sine oppgåver spenner frå kontroll, overvaking og informasjon, til skjøtsel og tilrettelegging i verneområda. SNO har også mange oppgåver knytt til artar som villrein, laks og fjellrev, og ikkje minst registrering, dokumentasjon og felling av store rovdyr.

SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl er tilsett i SNO med Reinheimen som hovudområde. Per Olav Haugen har kontor i Bismo i Skjåk, og Thomas Rødstøl har kontor på Åndalsnes i Rauma.

I tillegg kjøper SNO i Reinheimen tenester av fjellstyra og andre etter behov. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. For Reinheimen blir det kjøpt tenester av fjellstyra i Lesja, Finndalen og frå Skjåk Almenning (privat bygdeallmenning). SNO i Reinheimen bruker ein stor del av si arbeidstid på bestandsovervaking, og spesielt jerv. I tillegg er villreinoppsyn under reinsjakta og villreinteljingar høgt prioritert arbeid i Reinheimen.

Nasjonalparkforvaltarane og SNO har årlege møte i samband med bestillingsdialogen/tiltaksmidlar og bestilling av tenester frå SNO. Det er viktig at forvaltarane har eit godt samarbeid med SNO, for å halde kvarandre godt oppdatert om forhold i verneområdet.

Andre sentrale myndigheiter

Det er også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Fjord har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har Reinheimen-Breheimen villreinutval ein representant i styret. God dialog med villreininteressene er særleg viktig for og ivareta villrein sitt leveområde. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I enkelte saker må søkjarane avklare søknad om løyve til køyring både etter reglane i verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova). Administrativt kontaktutval, oppretta i 2013, held fram i Reinheimen. Utvalet er samansett med ein administrativt tilsett frå kvar kommune og fylkeskommune, og ein frå besøkscenter nasjonalpark. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret, kommunane og fylkeskommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndigheit for verneområda fram til oppretting av kommunal forvaltning/KUR i 2007 og nasjonalparkstyret i 2013. Forvaltarane er og organisert i eiga forvaltarteam under Naturmangfald og verneområder hjå Statsforvalteren i Innlandet. Det er 13 forvaltarar i Innlandet, i tillegg deltar 5 eksterne forvaltarar som er tilsett i Vestland og Trøndelag. Statsforvalteren har også klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret og i administrativt kontaktutval. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til

kulturminneskjøtsel, restaurering og bygningsfagleg kompetanse.

Bruken av verneområda

Reinheimen er villmark og brukspark, med interesser knytt til tradisjonell lokal og regional bruk som jakt, fiske, beitebruk, seterdrift og landbruksnæring. Dette fører til behandling av ein relativt stor mengde enkeltsaker, særleg søknader om motorisert ferdsel og byggesaker.

Det er god forståing og liten konflikt mellom verneinteresser og landbruk innan verneområdet. For å ivareta verneverdiane er det viktig at vernemyndigheita har eit godt samarbeid med dei ulike brukeinteressene og private aktørar i området.

Reiselivet i verneområda knytt til Reinheimen er beskjeden, men kjende attraksjonar som Trollveggen og Trollstigen står likevel i ei særstilling, der besøkstalet over Trollstigplatået og nasjonal turstivveg rv 63 er over 1 mill. i året. Det vart utarbeidd ein moglegheitsstudie for Innfallsport til nasjonalparken i Rauma i 2021, og tiltaka som er foreslått i rapporten starta opp i 2022.

Brukarundersøking

I Reinheimen vart det gjennomført besøksundersøkingar i 2011. Besøksundersøkinga byggjer opp under at Reinheimen er et to-delt område i forhold til bruk. Det er størst besøk i nordvest med typiske turistar og utanlandske besøkande, og mindre besøk i søraust i hovudsak lokale og regionale besøkande.

- *Reinheimen er lite kjent som reisemål, mykje tilfeldig bruk i samband med rundreise*
- *Mest lokalt, regionalt besøk (Austlandet og Nordiske land manglar?)*
- *33% utlendingar (meir enn t.d Rondane)*
- *Besøk frå Austlandet og Nordiske land manglar – lite utnyttta potensiale i marknaden!*
- *Behov for å gjera nasjonalparkstatusen kjent! Informasjonsarbeid!*
- *DNT (Ålesund-Sunnmøre) er den viktigaste kjelda til informasjon for dei besøkande, jf. undersøkinga frå 2011.*

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har sett i gang arbeid med ny brukarundersøking i 2022 i trå med Miljødirektoratet si tilråding om å gjennomføre brukarundersøkingar med 10 års intervall.

(Veileder M-930|2018)

Meir om brukarundersøkinga i 2022 under **kap.4 Aktivitet**

Ferdselsregistrering - frå SNO rapport 2022

Plassering	Dato	Antall inn	Antall ut	Antall totalt
Asbjørnsdalen	08.06 - 03.11	1630	1228	2858
Kløvstien	01.06 - 03.11	1404	1167	2571
Diktarstien	05.06 - 23.10	5163	2798	7961
Føysstein	05.06 - 23.10	4766	1663	6429

Det vart på bestilling frå Nasjonalparkstyret satt ut ferdselstellere av SNO i Asbjørnsdalen, Kløvstien, Diktarstien og Føysstein. Mest besøk har diktarstien. Kløvstien har kun hatt teller i nedre del av

Kløvstien. Besøket i Kløvstien er nok mykje større, da det er mange besøkande som veljer å kun gå øvre del av stien.

Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområder og Brettingsmoen naturreservat, vart sett i kraft 24.11.2006.

Frå 01.03.2020 fekk nasjonalparkstyret utvida forvaltningsmyndigheit med naturreservata, Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie.

Forvaltningsplan for Reinheimen vart vedteken i mars 2010, og skal reviderast etter 10 år. Revidering av forvaltningsplan er ei prioritert arbeidsoppgåve for forvaltarane.

Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen vart vedtatt på styremøte 02.12.2019, og endeleg godkjent av Miljødirektoratet 18.12.2019:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Besoksstrategi-for-Reinheimen.pdf

Besøksstrategien er eit vedlegg til forvaltningsplan og er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning i Reinheimen. I besøksstrategien er det utarbeidd ein tiltaksplan for informasjon- og tilretteleggingstiltak som skal reviderast kvart år, og som skal ligge til grunn for prioriteringar og bestilling av årlege tiltaksmidlar til miljødirektoratet.

3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2022

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. Det er i utgangspunktet lagt opp til minimum 4 fysiske møte i løpet av året. Ved behov vert arbeidsutvalet (AU) nytta for å behandle dispensasjonssaker som ikkje er delegert til forvaltar, men som krev politisk behandling. Det er vidareført praksis om å gjennomføre fleire styremøte på Teams, og ha fysiske møte i barmarkssesong i kombinasjon med synfaringar, og møte med t.d. Rådgjevande utval. Tabellen under viser at det er gjennomført 4 styremøte på Teams og 3 fysiske møte i 2022.

Møter og saker

Møtenr.	Møtedato	Møtestad
1	25.02.22	Teams
2	20.05.22	Teams
3	23.-24.06.22	Hotel Aak, Åndalsnes. Synfaring infopkt. Trollveggen og Kjøvstien
4	14.07.22	Teams
5	23.09.22	Billingen seterpensjonat, Skjåk
6	07-08.11.22	Norsk fjellsenter, Lom. Møte med Rådgjevande utval 07.11
7	09.12.22	Teams

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde 7 møte i 2022, og behandla **64 saker**

Arbeidsutvalet i Reinheimen (AU) hadde ingen møter i 2022.

Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i **84 saker**.

Under er ei samla oversikt over vedtak i nasjonalparkstyret, arbeidsutvalet eller delegerte vedtak, fordelt etter sakstype:

Type saker	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Administrative saker/generelle vedtak	18	29	24	22	23	24	24	30
Vedtak om motorferdsel, inkl. drone	72	72	43	38	32	48	84	47
Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, bru, inngjerding, stiar o.l.)	16	15	11	14	10	14	12	11
Vedtak om plassering båtar, lavvo, garnkasse	3	3	2	4	2	3	1	2
Vedtak om arrangement, ferdsel	1			3	2	3	0	2
Generelle uttaler	3					1	0	0
Vedtak om plan og planarbeid	2		1	2		1	5	3
Vedtak om økonomi	2	2	2	2	2	2	2	4
Klagebehandling	1		1	4	2	0	6	2
Andre tiltak, merkeordning	3	7	6	1	4	2	8	7
Sum	121	128	90	90	76	98	142	108

Saksmengde går fram av tabellen over, som viser at det er relativt mange enkelt saker som blir behandla innafør verneområdet.

Tal på byggesaker og liknande held seg framleis jamt i verneområda. Søknader om motorisert ferdsl i verneområde er relativt forutsigbart, men det er søknader om bruk av drone som har auka. Bruk av drone viser seg å være eit godt hjelpemiddel, og miljødirektoratet har i brev 06.03.19 gjeve nasjonalparkstyra råd om behandling av slike saker som er til god hjelp. Miljødirektoratet viser i sitt brev, at det er tilstrekkeleg regulering dronar i dei fleste verneområde, men at det med fordel kunne vært brukt omgrep som "drone" i staden for "modellfly og liknande", jf. § 3, pkt. 7.2 Støy. Eventuelle forskriftsendring må vurderast i lys av det generelle arbeidet med standardisering og forenkling av forskriftsmalane. Miljødirektoratet skriv at det foreløpig ikkje er aktuelt å revidere forskriftene på dette punktet utan at det skjer i samband med andre nødvendige endringar av verneforskriftene.

Endring av verneforskrift

Endring av verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, (sak 2017/1242):

Det er i Meld. St. 18 (2015-2016), foreslått og å opne for sykling på vegar og stigar i nasjonalparkar og landskapsvernområda. Arbeidet stoppa opp i 2017, og miljødirektoratet signaliserte på miljøvernkonferansen i 2019 at arbeidet skulle starte opp att i 2020. KLD jobbar framleis med nye malar for verneforskrifter, og arbeidet har heller ikkje hatt framdrift eller blitt prioritert i 2022.

Synfaringar

Forvaltarane har gjennomført fleire synfaringar i løpet av barmarksesong, og her er nokre lista opp:

- 23.05. - Synfaring på Kløvstien med gunneiere, kommune og Fylkeskonservator
- 27.05. - Synfaring på Trollstigfoten med Nasjonal turistvei og Hagen Landskap.
- 31.05-01.06. - Regionsamling med forvaltere og SNO i Stryn.
- 21.06-22.06. - Synfaring med Miljødirektoratet på Trollveggen, Kløvstien og Slettvikane.
- 30.06. - Synfaring med grunneier og Øystein Folden i Vermedalen.
- 04.-05.07. – Synfaring med SNO, Brøstdalen, Rånå og Lordalen, infopkt.
- 25.07. - Synfaring på Tunga med grunneiere og Vakkerstøylen med DNT.
- 24.-25.08.09 – Forvaltersamling på Dovrefjell, Hjerkin og Snøheim
- 31.08. – Billingen, seksjonstur verneområdeseksjon Miljødirektoratet
- 05.-06.09. – Synfaring Torsbu, Frisbu med DNT-Sunnmøre og Flaten Bygg AS. Tiltak på Frisbue og opprydding
- 09.09. - Synfaring med DNT-OO og Skjåk almenning til i Tordalen, omlegging av DNT sti, og ny bru over Tverråe.
- 14-15.09.22 – Enhetstur til Langsua – Sjødalen

Økonomi

Kvart år vert det søkt om tiltaksmidlar til gjennomføring av tiltak i Reinheimen. Nasjonalparkstyret meldte inn behov på kr. **1 520 001,-** i 2022, og fekk tildelt kr. **1 100 000,-** til tiltak i verneområdet for 2022. På hausten fekk nasjonalparkstyret i tillegg tildelt kr. **600 000,- som supplerande tildeling**, til finansiering av nytt toalett på Slettvikane i Trollstigen lvo. Totale budsjettmidlar til tiltak i 2022 var **1 450 000**. Tabellen under gir en oversikt over tildelte tiltaksmidlar og forbruk i 2022.

Tiltaksmidlar for 2022 (Kap 1420 Post 31)	Tildeling	Merknad	Regnskap	Gjennomføring, samarbeidsaktør
SKJØTSELSTILTAK	190 000			
<i>Tafjorden-Reindalen lvo</i>		<i>Møte</i>	<i>1 304</i>	<i>Miljøfaglig utredning AS, lokale aktører</i>
<i>Finndalen lvo, Sterringen</i>		<i>Nofence geit, Gammel Sterringen</i>	<i>50 000</i>	<i>Mona og Arild Fallingen</i>
<i>Romsdalen lvo, Selen</i>		<i>Slått</i>	<i>22 500</i>	<i>Kim.D.Hersel Sogge</i>
<i>Romsdalen lvo, Gravdehaug</i>		<i>Slått</i>	<i>6 000</i>	<i>Geir Hanekamhaug</i>
<i>Romsdalen lvo, Horgheimseter</i>		<i>Slått</i>	<i>14 000</i>	<i>Gro Suvatne</i>
TILRETTELEGGING OG INFORMASJON	910 000			
<i>Vedlikehald informasjonsskilt</i>		<i>Beis</i>	<i>1 602</i>	<i>Byggern Skjåk AS</i>
<i>Informasjonspunkt Rånåkkollen, Rånå</i>		<i>Cortenstålskilt</i>	<i>26 085</i>	<i>Lonbakken AS</i>
<i>Informasjonspunkt Rånåkkollen, Rånå</i>		<i>Info.plakat, design og trykk</i>	<i>2 510</i>	<i>Trollbinde AS</i>
<i>Informasjonspunkt Slettvikane</i>		<i>Anskaffelse og innkjøp av toalett</i>	<i>600 000</i>	<i>Møre og Romsdal fylkeskommune</i>
<i>Trollveggen - Eiafossen</i>		<i>Forprosjekt</i>	<i>100 000</i>	<i>Nordveggen AS</i>
<i>Kløvstien</i>		<i>Div. grunnarbeid parkering, reparasjon sti</i>	<i>559 923</i>	<i>Moen AS</i>
<i>Kløvstien</i>		<i>Skredrapport</i>	<i>28 000</i>	<i>Skred AS</i>
<i>Kløvstien</i>		<i>Trefelling</i>	<i>9 000</i>	<i>Jostein Reiten</i>
Tiltaksmidlar Reinheimen 2022	1 100 000			
Supplerende tildeling (Slettvikane)	350 000			
SUM Post 31	1 450 000		1 420 924	
			<i>29 076</i>	<i>ubrukt</i>

Nasjonalparkstyret får tildelt budsjettmidlar til drift, og planarbeid etter årleg søknad. Driftsmidlane vert tildelt Statsforvalteren i Innlandet, som fører rekneskapen på vegne av nasjonalparkstyret. Drift av sekretariatet, inkl. leige av kontor kjem i tillegg, og inngår i budsjettet til Statsforvalteren i Innlandet.

Drift (Kap 1420 Post 21)		Budsjett	Rekneskap
Sekretariat, Statsforvalteren i Innlandet	kontorhald, reiser, m.m. utanom løn	<i>Ikkje eiga budsjett</i>	<i>Inngår i Sf sitt budsjettregnskap</i>
Styret og utvala	Reise- og møtegodtgjersle Reiseutgifter rådgjevande utval, Administrativt kontaktutval	380 000	417 925
			<i>- 37 925</i>
BRUKERUNDERSØKING Reinheimen 2022		200 000	
	<i>Div. materiell og utstyr til feltarbeid</i>		<i>10 560</i>
	<i>Trykking skjema, DaleG Trykk AS</i>		<i>6 000</i>
	<i>Tenestekjøp, feltarbeid, Britt T.Valle</i>		<i>10 000</i>
	<i>Punching av skjema, Norsk fjellsenter/Anders K. Nordnes</i>		<i>34 150</i>
	<i>Etterundersøking, NINA</i>		<i>140 000</i>
SUM, Brukarundersøking			200 710
SUM Post 21		580 000	618 635
			<i>-38 635</i>

Ulovlege tiltak, overtredelser

Det følger av Nasjonalparkstyret for Reinheimen sine vedtekter, at styret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp brot på vernereglane, jf. vedtekter pkt. 8.5:

8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene, rapportar og melding til politiet

Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Det er heimel for administrative sanksjonar i naturmangfaldlova §§ 69, 71 og 73. Ein eventuell anmelding har heimel i NML § 75, jf. Veileder M-617 | 2016 - **Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder**

SNO skriv følgjande i sin årsrapport for 2022:

«SNO har god oversikt over motorferdselen i Reinheimen. Det har over flere år vært en tendens til økende ulovlig motorferdsel i randområdene, særlig i Lesja. Vi kommer til å følge opp også i kommende år for å hindre at den ulovlige motorferdselen øker ytterligere.

Av 55 bygg- og inngrepssaker vi har kontrollert siden 2008 har det vært større eller mindre avvik i over 60% av sakene, jfr. Tidligere årsrapporter.

Fra SNO sitt ståsted er det viktig at de vilkårene som stilles i tillatelsene må være forståelige, presise og kontrollerbare.

En del av avvikene kunne trolig vært unngått dersom nasjonalparkstyret krevde bedre dokumentasjon i søknaden, jfr. Byggesøknader som behandles i kommunene etter pbl. Da ville også søker måtte planlegge sine tiltak bedre og sjansene for avvik ville trolig bli redusert.

Vi finner også flere mindre tiltak som inngjerdinger, vedlager, plattinger, badestamper m.m. Av de ulovlige tiltakene SNO melder inn til NP styret, blir det oftest gitt dispensasjon i ettertid. Det er behov for å ha en overordnet diskusjon mellom forvaltningen og SNO om hvilke tiltak som er søknadspliktig og dermed må følges opp, og hvilke tiltak som er så små at det ikke er søknadspliktige.»

Det er også blitt avdekket ulovlig bruk av drone i området ved Trollveggen som ble anmeldt og førte til forelegg. Oversikt over melding om ulovleg motorferdsel siste 5 år går fram av tabellen nedenfor, og er henta frå SNO sin årsrapport for 2022:

År	Anmeldt snødekt mark	Anmeldt barmark	Utstedt overtredelsesgebyr
2018	3	0	0
2019	0	0	0
2020	2	2	0
2021	1	1	0
2022	0	0	1
SUM	6	3	1

I 2022 har SNO kontrollert 4 saker, tre byggetiltak gjennomført i trå med dispensasjon, og 1 sak om oppføring av installasjon utan dispensasjon.

Oversikt over avvik og anmeldelser i tabellen under er henta frå SNO sin årsrapport for 2022:

Årstall	Anmeldt	Avvik - Rapport til forv. Mynd	Mindre avvik rapportert til forv.mynd	Ingen avvik
2013	3	14	3	10
2017		2		
2019			5	7
2020		1	2	2
2021	1		2	
2022	1	1		3
SUM	5	18	12	22

Andre utval

Rådgevande utval for Reinheimen

Består av 32 representantar for dei ulike interessene i området; grunneigarar, andre offentlege organ, fjellstyre, næringsliv, friviljuge organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande.

Styret vedtok 24.09.21 i sak 52/2021 slik samansetning av rådgjevande utval for Reinheimen:

Fylke	Innlandet	Møre og Romsdal	Felles
Part			
Skjåk allmenning	1		
Private grunneigarlag	2	2	
Norges Bondelag	1	1	
Norges Bonde- og småbrukarlag	1	1	
Mjøsen Skog AS	1		
Allskog AS		1	
Norges Fjellstyresamband	2	2	
Statskog SF			1
Rauma elveeigarlag		1	
Reiselivslag	2	2	
Forum for natur og friluftsliv (FNF)	2	2	
Taffjord Kraft / Rauma Energi		1	
Statens Vegvesen / Nye Veier			
Bane Nor		2	1
DNT-Sunnmøre		1	
Historielag	1	1	
SUM (32)	13	16	3

Det vart gjennomført møte med rådgjevande utval 07.11.22, på Norsk fjellsenter i Lom. 32 deltok på møtet, inkl. styremedlemmer og adm.kontaktutval i kommunene. Referat og presentasjonar ligg på nettsida til nasjonalparkstyret: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/styret/mote-i-radgjevande-utval-07-11-22>

Administrativt kontaktutval for Reinheimen

Består av 9 personar, med representantar frå kommuneadministrasjon, fylkeskommunen og besøkssenteret. Det vart ikkje gjennomført eige møte med kontaktutvalet i 2022, men dei som kunne deltok på møte med rådgjevande utval 07.11. Forvaltarane har kontakt med kommuneadministrasjon i samband med førebuing av enkeltsaker, særleg motorferdsel og byggesaker.

Regional faggruppe utmark (NGGIS)

Dei 6 kommunane i Nord-Gudbrandsdalen har oppretta ei regionalt forum for utmarksforvaltning, som består av tilsette på plan- og miljø i kommunane, sekretærar for fjellstyrane og nasjonalparkforvaltarar for verneområde som har areal i dei 6 kommunane Nord Gudbrandsdalen. I 2022 vart det gjennomført eitt møte. Saker som blir drøfta er på administrativt plan for å samordne behandling i t.d byggesaker, motorferdsel og andre relevante tema knytt til plan og miljø.

Forvaltarteam Innlandet

Forvaltarane i Innlandet har møte på Teams kvar onsdag, der og forvaltarar i Vestland og Trøndelag som deler verneområde med oss i Innlandet, også er invitert til å delta. Møta starta som ein uformell kaffeprat for dei som sit langt frå kollegaer, og behovet auka under pandemien med krav om heimekontor. Etterkvart er dette ein viktig møteplass med låg terskel for å ta opp felles og aktuelle problemstillingar. Leiar for naturmangfald og verneområde hjå Statsforvalteren i Innlandet, deltek også i møta. I 2022 var den fysiske forvaltarsamlinga i Innlandet lagt til Dovrefjell 24.-25.august.

4. Aktivitet

Informasjonsarbeid

Informasjonspunkt

Det er 18 informasjonspunkt med informasjonsplakatar kring Reinheimen. I tillegg er det 32 mindre informasjonstavler, 7 skilt om ferdselsreglar, 6 bronseplakettar og 100 verneområdeskilt.

I 2022 vart natur- og kulturstigen slutført på Billingen, da siste stolpa på naturstien vart sett ned. Det som står att på informasjonspunktet er Breheimen sin kartplakat, og sikring av elvekanten i samarbeid med Skjåk kommune.



Etter innspel frå Lesja kommune vart det på slutten av året etablert eit nytt informasjonspunkt i Rånå, på stigstarten til den nye dagsturhytta på Rånåkollen. Tiltaket er gjennomført i samarbeid med Lesja kommune og Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalparkstyre, med innkjøp av av 2 cortenstålplater for montering av kartplakat og temaplakat for Reinheimen og Dovrefj.-Sunndalsfjella.

4. juli gjennomførte forvaltarar og SNO i Reinheimen ei synfaring for å vurdere informasjonspunkta i Lordalen, Rånå og i Brøstdalen. Etter synfaringa er det skrive ei oppsummering av status og forslag til forbetring og vidareutvikling av informasjonspunkta.



Foto: frå Nysetra i Lordalen (tv) og parkering i Rånå (th)

SNO har i løpet av 2022 fjerna informasjonsskiltet ved Milthaugen i trå med besøksstrategien.

Digital informasjon

Nasjonalparkstyret for Reinheimen si nettside: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen>

Besøksretta nettside: [Side ikke funnet - Reinheimen nasjonalpark](#). Arbeidet starta opp i 2019, men pga nytilsetting og andre prioriterte oppgåvar, så står det att korrektur på tekst og foto for at Trollbinde AS har materiale som trengst for å publisere nettsida.

Sosiale media: Nasjonalparkstyret har framleis profilar på Facebook og Instagram, men det er lite aktivitet og ikkje ein prioritert informasjonskanal:

<https://www.facebook.com/Reinheimennasjonalpark/>,

<https://www.instagram.com/reinheimennasjonalpark/?hl=nb>

Naturveiledning

Det er ikkje naturveileder for Reinheimen. Autoriserte besøkssentera skal gjennom si autorisasjonsavtale med miljødirektoratet stå fram som knutepunkt for naturveiledning knytt til verneområda. For Reinheimen er det Norsk fjellsenter som er autorisert som besøkssenter, men dei har ikkje tildelt midlar for å kunne tilsette naturveileder, og nasjonalparkstyret har heller inga instruksjonsmynde overfor besøkssenteret. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har ei intensjonsavtale med Norsk fjellsenter for å samarbeide om kommunikasjonstiltak knytt til besøksforvaltning, og det er sett av midlar.

Trykt materiell

Arbeidet med ny brosjyre for Reinheimen etter designmanualen starta opp i 2021 etter at brosjyrekartet vart ferdig, men sekretariatet hadde ikkje kapasitet til å fullføre arbeidet i 2022.

Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen

Kulturlandskapet er ein viktig del av verneføremålet i landskapsvernområda. I 2018 vart det etter ein omfattande tilbods konkurranse inngått kontrakt med Miljøfagleg Utredning AS, om å revidere og utarbeide nye skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen.

Nasjonalparkstyret vedtok oppstart og framdriftsplan på styremøte 26.06.18. Det vart gjennomført oppstartmøte og synfaringar med aktuelle partar i områda juli-august 2018, der totalt 54 deltok på dei 5 oppstartsmøta. Endeleg forslag til skjøtselsplan for Finndalen, Lordalen, Brøstdalen, Gravdehaug, Muldalen-Tafjordsætra vart levert forvaltninga våren 2019.

Planarbeidet vart utvida med oppstartsmøte og kartlegging på Vermedalssætra og Reindalssætra hausten 2019. Forslag til skjøtselsplan for Vermedalsseter i Romsdalen lvo, og Reindalsseter i Tafjorden-Reindalen lvo, vart levert forvaltninga våren 2020.

Ein samla skjøtselsplan for Muldalslia naturreservat og for Muldalen i Tafjorden Reindalen LVO vart laga av Miljøfaglig utredning i 2022 og vedtatt i nasjonalparkstyret 20.mai 2022.

Oversikt og status for skjøtelsesplanar knytt til Reinheimen

Planområde	Status	Uavklart	Skjøtselstiltak
Finndalen lvo	Vedtatt	Bevaringsmål i NatStat	Avtale om Nofence på boergeit, Sterringen seter i Finndalen
Lordalen lvo	Vedtatt	Bevaringsmål i NatStat	Vidareføring av slått av seterkve på Bjøkneseter, Rydding Skridu
Brøstdalen og Gravdehaug i Romsdalen lvo	Vedtatt	Bevaringsmål i NatStat	Vidareført slått på Gravdehaug, Selen og Horgheimsettra. Slett ved Vermedalssettra vart ikkje gjennomført pga vær og sjukdom på dei planlagte dagane.
Muldalen i Tafjorden-Reindalen lvo	Vedtatt	Skjøtselstiltak, Bevaringsmål i NatStat	Befaring med kommune, statsforvalter og SNO for å sjå på tiltak for å redusere hjorteskader på Alm. Ingen tiltak vart satt i gang i 2022.

Tilrettelegging

Kløvstien

Kløvstien er ein av dei prioriterte stiane Reinheimen Nasjonalpark har i si besøksforvaltning. Starten av Kløvstien ved Bøsetra, er definert som eit startpunkt som innfallspurt til verneområdet. Våren 2022 fekk vi laga ei plan for området og lagt ut ein anbodskonkurranse om utføring av arbeidet. J.O.Moen anlegg, vant anbudet. Det vart også laga og ein anbodskonkurranse om å levere eit utedo til startpunktet for stien. Men pga. krav om skred- og flomrapport, fekk vi ikkje inngått avtale med leverandør i 2022. Vi fekk imidlertid laga ein flom- og skredrapport for parkeringsplassen som "friskmeldte" parkeringsplassen til å kunne ha eit utedo.



Fig t.v. oversiktsbilete over parkeringsplassen og fig. T.h. tegning av rasteplassen.



Arbeidet med å oppgradere parkeringsplassen med informasjonspunkt og raste plass vart starta i 2022 og vil fullførast i 2023.



Kurs i Sporlaus ferdsel

Nasjonalparkforvalter hadde kurs i sporlaus ferdsel på Kløvstien i juli under Norsk fjellfestival. Kurset var eit samarbeid med Friluftsrådet i Nordmøre og Norsk fjellfestival.

Brukarundersøking i Reinheimen 2022




Sekretariatet gjennomførte ein brukarundersøking i Reinheimen, sommaren 2022. Formålet er å få oppdatert kunnskap om bruken av området, kor folk går, kva for aktivitetar området nyttast til, om opplevinga av området står til forventningane, og om behovet for informasjon og tilrettelegging. Oppdatert kunnskap er viktig for at forvaltninga med best mogleg grunnlag skal kunne drive med besøksforvaltning, og sette i verk nødvendige informasjons- og kanaliseringstiltak. Brukarundersøkinga vil og gje eit godt kunnskapsgrunnlag til arbeidet med revisjon av forvaltningsplan.

Undersøkinga ble gjennomført ved å nytte same metode som ble brukt ved forrige brukarundersøkelse i Reinheimen i 2011, og metoden blir også brukt i andre store Norske verneområder, i samsvar med veileder M-930|2018:

https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/uploads/documents/M-930_2018_Veileder_WEB.pdf

SNO satte ut 20 sjølvregistreringskasser ved utvalde innfallsportar e.l. (sjå kartfoto under). Ein plakat på framsida av kassa informerte folk om å stoppe og fylle ut et sjølvregistreringskort, eller svare via en QR-kode der det var mobildekning. Kassene vart sett ut i juni og sto ute til slutten av september, i ca. 3 mnd. På grunn av sein opning av turistvegen over Trollstigen vart det sein start i dette område som normalt, er den mest trafikkerte delen av verneområdet. I tillegg var mobilnettet ute av drift ei lenger periode i juni, som kanskje har gjeve mindre svar enn «normalt».



Oversikt over 20 punkt for plassering av selvregistreringskasser.



Nasjonalparkstyret bestilte SNO for feltarbeid til oppsetting og oppfølging/tømming av kassene i løpet av sommaren. Det er gjennomført med eiga arbeid og tenestekjøp.

Punching er utført ved tenestekjøp frå Norsk fjellsenter og Anders K. Nordnes. Forvaltar har hatt stått for koordinering og organisering av puncharane samt kontakt med NINA undervegs.

NINA fekk oppdraget om å gjennomføre etterundersøking, dataanalyse frå undersøkinga. Resultata av skal presenterast for nasjonalparkstyret som ein rapport og evt. i møte. Etterundersøkinga er digital og vart sendt ut i slutten av november 2022, med innlagte purringar på nyåret. Rapporten blir etter avtale levert i løpet av mars 2023.

Kartlegging av flaumfare i elvane Finna og Råkå i Finndalen lvo

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har finansiert kartlegging og utgreiing av den reelle flaumfaren i elvane Finna og Råkå, på Vangen og Sterringen. Oppdraget ble inkludert som ein endringsmelding i NVE sitt pågåande oppdrag i Finnassdraget i 2021, og skildra som ei endringsmelding, regulert i kontrakt mellom NVE, NGI og Statsforvalteren i Innlandet / Nasjonalparkstyret for Reinheimen,



Arbeidet vart slutt ført i 2022, med slik aktivitet:



Teams 23.02.22, Oppsummeringsmøte med NGI,,: gjennomgang av flomkart og forslag til tiltak, samt gjennomgang av spørsmål og avklaringar før endeleg informasjonsmøte og endeleg rapport.

Norsk fjellsenter 02.06.22, Ope informasjonsmøte for lokale aktørar:

Gjennomgang av rapporten v/NGI, NINA. Spørsmål og moglegheit for innspel frå aktørane før leveranse av endeleg rapport.

11.08.2022 – leveranse av endeleg rapport

5. Vidare arbeid og prosjekt

Revisjon av forvaltningsplanen:

Forvaltningsplan for Reinheimen var godkjent i 2010. Forvaltningsplan skal normalt reviderast etter 10 år. Gjeldande forvaltningsordning i Reinheimen var på plass etter 2010, men forvaltningsplan for Reinheimen er relativt ny og fungerer godt som ei utdjuping av vernereglane. Ved revidering av forvaltningsplan skal det utarbeidast digitale forvaltningsplanar på nett for kvart verneområde, dvs. 12 forvaltningsplanar for Reinheimen.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i møte 08.11.22, styresak 49/22 gjort vedtak om å starte opp arbeidet med revisjon av forvaltningsplan:

«Vedtak

Med heimel i vedtektene for nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.1, gjer nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtak om å sette i gang arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark og 6 landskapsvernområde; Ottadalen, Finndalen, Lordalen Romsdalen, Trollstigen og Taffjorden-Reindalen, og 5 naturreservat; Brettingsmoen, Vermedalen, Slettsvaet, Muldalslia og Einstullie.»

Villreinløypa – «Villreinarven»

Prosjektet «Villreinløypa» er eit formidlings- og næringsutviklingsprosjekt knytt til villreinområda Reinheimen, Breheimen, Dovrefjell og Rondane. Målet er mellom anna å danne grunnlaget for at næringsutvikling i bygdene og randsonene til dei nasjonale villreinområda er fult mogleg; og at villreinen kan vera eit fortrinn, snarare enn eit hinder. Prosjektet skal skape eit sterkt reiselivsprodukt, og samtidig auke kunnskap om villrein, villreinfangst og verneområde i reiselivet, for å sikre god og kunnskapsbasert informasjon til besøkande.

